

LES FOR  
MEG!

nr. 8 - 2010

# Pirion

- kulturavis for barnehagar og skular

Mat er viktig, men ord er nødvendige, seier Erna Osland. I denne utgåva av Pirion gir vi deg eit lite utval av det nødvendige. Bokhausten har vore rik, og vi får slett ikkje plass til alt i denne utgåva av Pirion. Men eit knippe skal du få, og fleire finn du på [www.pirion.no](http://www.pirion.no). God bok!



## Spring, hesten, spring

Av Inger Lise Belsvik  
Samlaget

Me er mange som har gledd oss over Inger Lise Belsvik som illustratør, no debuterer ho også som forfattar. *Spring, hesten, spring* er ei biletbok i ekte Belsvik-tradisjon, med sine store, varme og fargerike illustrasjonar som kommuniserer med teksten på ein heilt spesiell måte.



Me får vere med ein liten gut og hesten hans på ei farefull ferd gjennom lufta, over ei strid elv og forbi ein stor vulkan. Hesten treng hjelp til noko, men kva kan det vere? På andre sida av vulkanfjellet får me svaret. Der ligg nemleg ein liten fole som er skada.

Teksten er ein heilt naturleg del av illustrasjonane i denne boka. Orda fylgjer handlinga på ein fin og var måte, dei ligg som graset når vinden bles, og er som bølger når dei kjem i elva. I mange tilfelle kan slike tekstgrep bli for mykje eller på feil plass. Men her glir ord og teikningar saman og gir oss som lesarar ei sterk oppleving av heilskap. Samstundes er det framleis teikningane som er Belsvik sitt sterkaste kort.

Forteljinga har ein tydeleg eg-person, som me fylgjer. At me ser handlinga frå guten sin ståstad, gir oss også eit tettare forhold til historia og kva som kjem til å skje med hesten og guten.

Dette er ei biletbok du truleg blir så glad i at du har lyst til å krype inn i ho.

Judith Sørhus Litlehamar

## Hallo planeten!

Av Anna Fiske  
Cappelen Damm



Gunnar, Bob, Siv, Mona, Varulven og Havfruen vil bu på planeten. Det er dei ikkje åleine om. Kvar dag dukkar det opp nye vesen som vil busetje seg der.

*Hallo planeten!* er ei myldre-bok, det vil seie at kvar einaste side kan studerast mange gonger og kvar gong vil du oppdage noko nytt. Anna Fiske, som har skrive teksten og laga illustrasjonane, har tidlegare skrive *Hallo jorda!* og *Hallo byen!*

Dei fargerike teikningane er naive og morsomme, og det same er alt det rare som skjer på planeten. Du kan sjå flygande hus og juletre, ei hårklippande raud larve med svarte prikkar, ein grøn slange med kvite prikkar som er så lang som fleire gongar rundt planeten, smilande sol med solbriller og hunden Laika, som sjølv sagt også er med.

Vi får sjå kva som skjer i løpet av 15 dagar på planeten. Historia begynner ein måndag og held fram til og med tysdagen meir enn to veker etterpå. På den eine sida fortel forfattaren om noko som skjer, på den andre sida blir du beden om å finne visse ting på planeten. Oppsettet er fast og gjennomført, slik at du lett kan forstå korleis du skal lese og forstå biletboka.

*Hallo planeten!* har ei fantasiverd som både barn og vaksne lett kan setje seg inn i. Det som blir for bisart for dei vaksne, trur eg barna lett vil godta og le av. *Hallo planeten!* kan underhalde lenge.

Elin Moen Karlsen

## Raude, ville geiter

Av Astrid Grønnes og Stina Langlo Ørdal  
Samlaget

Denne biletboka er ei ekte fantasireise, der jentene Inga og Alma drøyer seg vekk i gammøsta til Besta. Medan Besta sit i godstolen og strikkar, leikar nemleg jentene med



garnet, og snart har kvart gammøste blitt ein liten sau. Det blir både blå, rosa, svarte, oransje og lilla sauer. Og ikkje minst ei raud geit.

Jentene veit godt at garnet kjem av ull, og at ull kjem frå sauene. Men midt blant desse sauene er det ei ekte villgeit, ei raud villgeit. Alma og Inga prøver å fange geita, noko som blir ei ferd gjennom stova, kjøkkenet, badet og under bordet, heilt til geita blir eten opp av ei stor og farleg løve.

Boka har ei god historie, som inspirerer til fantasi og til at borna kan drøyme seg vekk i kvardagslege ting. Eit raudt gammøste kan nemleg like enkelt vere ei ekte villgeit. Og å krype under stovebordet kan vere akkurat like vanskeleg som å vasse ei stor elv. Historia tek også opp spørsmålet om kva ull er, og kvar det kjem frå, noko som kan vere både nytt og overraskande for mange.

Teikningane er i friske fargar, og det er spanande å fylgje den raude tråden gjennom huset på leit etter villgeita. Tenk om ho er oppeten av ei ekte løve?

Judith Sørhus Litlehamar

## Ville veier

Av Ragnar Aalbu  
Cappelen Damm



Ein liten gut på sykkel, den rosa elefanten Ellef, ein pose med bollar og den skumle skogen på veg heim frå bakaren. Og kven kjem fram i skogen? Jo, dei grådige tuetufsane.

Det er ikkje berre berre å handle for mor heilt på eiga hand. Spesielt ikkje viss du må sykle gjennom ein høgrest og tett skog for å kome deg heim igjen frå bakeriet. Når du i tillegg har ein pose med velluktande, nybakke bollar i sykkelkorga kan mykje skje.

Før lysluggen og elefanten Ellef kjem inn i skogen, er guten smilande, og den vesle elefanten sit trygt i sykkelkorga saman med bollane. Etter kvart som guten kjem lenger inn i den mørke skogen, byter dei plass. Elefanten blir stor og sterk og tek over syklinga, medan vesleguten sit på snabelen hans.

Det er fint og trygt ei stund, men så dukkar den første tuetufsen opp eit godt stykke inne i skogen. Ellef og vesleguten sykklar så fort dei kan, men det dukkar opp stadig fleire tuetufsar, og desse tek dei igjen. Så dett guten og elefanten, og tuetufsane hiv seg over bolleposen. Ved hjelp av den råsterke elefanten klarer dei å kvitte seg med monstra. Når dei kjem heim, er det berre to bollar igjen i posen, men det gjer ingenting, synest mor.

Det første som slår meg, er kor nydelege og reine illustrasjonane i boka er. Den vesle, lyslugga guten med dei blanke, blå augene kan verke tiltalende på både små og store. Det er ikkje mykje tekst i boka, og nokre av sidene har ikkje tekst i det heile. Det gjer ingenting, illustrasjonane talar for seg sjølv. Ragnar Aalbu har både skrive den korte teksten og laga illustrasjonane til biletboka.

Ei søt lita bok om å vere redd for skog og mørke, ei redsle vi vel aldri veks heilt i frå?

Elin Moen Karlsen

## Søppel

Av Max Estes  
Cappelen Damm

Om kvelden er søppeldunken smekkkfull. Neste morgon er han tom og klar til å fyllast igjen. Kva hadde skjedd om ingen tømde søppeldunkane våre og køyrde søppelet vekk?

I biletboka *Søppel* møter vi Sigmund og Oskar, som køyrer søppelbil nummer 3. Vi blir med dei ein heil arbeidsdag, frå grytidleg morgon med kaffikoppen saman med dei andre mennene som køyrer søppelbil, til søppelbilen blir tømde på miljøstasjonen ved lunsjtider.

Handlinga i boka følgjer køyreruta til Sigmund og Oskar, og dermed blir ho lett driven framover. Innimellom kjem det fakta om søppel og kjeldesortering.

Boka er på mange måtar som ei faktabok å rekne, men ved at vi følgjer to søppelkøyrarar, blir boka ei forteljing. Og det er ei koseleg forteljing. Sigmund og Oskar blir framstilte som to joviale og hyggelege typar, som går til jobben med eit smil.

Illustrasjonane i boka er spennande og annleis. Annleis fordi forfattern og illustratøren Max Estes har sett saman forskjellige kollasjar, mellom anna har han nytta ulike papirrestar, som delar av ein parkeringskvittering, tygggummipapir og ein Fisherman's Friend-pakke.

Illustrasjonane og den korte og enkle teksten passar fint saman, og biledeboka kan vere underhaldande og lærerik for barn frå treårsalderen. Kanskje kan boka nyttast i samband med at ein jobbar med kjeldesortering som tema i skule eller barnehage?

*Søppel* er den første barneboka amerikanaren Max Estes, som er busett i Oslo, har laga. Han har både skrive teksten og laga illustrasjonane.

Elin Moen Karlsen

## Nesa til Onkel Knut

Av Constance Ørbeck-Nilssen og Ragnar Aalbu  
Magikon forlag

Mange blir fortalde at dei liknar på nokon i familien. Kasper er ein av dei, men han likar det ikkje så godt når mora påpeikar at han liknar på onkel Knut. Onkel Knut luktar nemleg vondt og ler altfor høgt. Ikkje likar han tanken på at han arva farfar sine tenner eller far sine øyner heller. Mest av alt vil nemleg Kasper likne på seg sjølv. Verken meir eller mindre.

Forfattarane klarer å presentere dette på ein humoristisk måte. Ikkje minst på grunn av dei detaljrike teikningane som viser kva som vil skje dersom Kasper får like store elefantøyner som far eller like store hestetenner som farfar. Undertonane er likevel klare i boka: det handlar om å vere seg sjølv lik. Ein treng ikkje alltid likne på nokon annan, somme tider er det nok å vere seg sjølv.

Somme stader i boka kan det også nesten verke som foreldra til Kasper konkurrerer i kven han liknar på, og kva for ein av familiane han liknar mest på. Det handlar ikkje lenger om kven Kasper eigentleg er lik på, men om å vinne konkurransen. Kanskje noko å tenkje på for fleire foreldre?

Det er undringa og den humoristiske tonen til Kasper som held historia så levande som ho er. Viss far seier at Kasper liknar på farmor, og mor seier at farmor ser ut som ei ugle, ja då blir vel Kasper òg sjåande ut som ei ugle? Det vil han ikkje.

Judith Sørhus Litlehamar





## Jakta på Andy Anderssons Eftf.

Av Arnfinn Kolerud

Illustrert av Per Ragnar Møkleby

Samlaget

Denne perla av ei bok byrjar ganske dramatisk. I løpet av natta har nemleg nokon skrive ordet «Idiot» med store, raude bokstavar på husveggen til Rikke og familien. Og det synest Rikke er ganske fælt. Mor og far tar det derimot med fatning.

– Så så, seier far. Han ser berre så vidt opp frå avisa.



– Det kunne vore verre, seier mor. – Det kunne ha stått eit ord på P.

Rikke vil ikkje la det bli med det, og saman med bestevenninna Lea byrjar ho å nøste i mysteriet. Kven kan ha gjort noko så slemt? Er det bonden som nett har måla læa si raud? Er det onkel Ole, som ikkje likar at far er fotballdommar? Eller jenta som skriv ord i sanden med hælen sin?

Arnfinn Kolerud har laga ei krimforteljinga for barn, som både er morosam og spennande. Lesarar av vaksen-krim veit at det kan vere ei stor utfordring å lukkast med både deler, men det gjer altså Kolerud med denne boka. Humoren er skikkeleg god, ein kan kome til å både humre og le – mange gongar. I tillegg er det ganske spennande å vere med Rikke og finne ut av dette mysteriet, og Kolerud legg ut nokre utrulege agn for lesaren.

Best av alt: Løysinga er skikkeleg overraskande, slik mange krimelskarar likar det.

*Jakta på Andy Anderssons Eftf.* er ei Komet-bok, altså ei lettlesne bok med korte setningar, rikeleg med illustrasjonar og eit romsleg sideoppsett. Forlaget skildrar boka som eigna for barn mellom 8 og 10 år, men som andre meldarar har peika på: Ho har mykje å by både yngre og eldre barn.

Toyni Tobekk

## Lei av Rosa

Av Nathalie Hense

Illustrert av Ilya Green

Magikon Forlag

I *Lei av Rosa* møter me ei jente som ikkje er som alle andre jenter. Ho likar ikkje rosa, ho likar svart. Ho likar ikkje å leike med dokker, men derimot å klatre i tre. Mora kallar henne ei gutejente, og sjølv lurar ho på kvifor jenter ikkje kan like gutejing og gutar jenteting.



Boka skildrar godt korleis det kan vere å vekse opp litt

annleis enn dei fleste andre. Det er ikkje lett for jenta å kle seg ut som sjørøvar når alle andre jenter er prinsesser, akkurat like vanskeleg som det er for guten Karl å måle blommar på leikebilane sine. Me får vere med jenta i undringa over dette, at nokon har bestemt på førehand kva ho som jente skal like, og korleis ho skal leike. Det er eit godt og realistisk bilete.

Likevel blir dette litt lettvtint for meg, og litt for pedagogisk korrekt. Kanskje blir skilnadene mellom jenta og dei andre jentene for tydelege? Og kanskje blir klisjeane litt for mange? Dei fleste barn er samansette og har fleire interesser. At nokre jenter er å rekne som gutejenter er greitt nok, men her blir kategoriseringa litt vel enkel. Likevel er dei tydelege kontrastane med på å gjere historia og bodskapen lett forståeleg, også for dei minste.

Illustrasjonane til Green får lov til å stå i sentrum i denne boka. Det fortener dei. Sterke fargar og ein personleg strek gir teikningane liv. Ikkje minst er ansiktsuttrykka spesielle, noko som er med på å byggje opp under handlinga.

Judith Sørhus Littlehamar

## Ella og de andre

Av Timo Parvela, omsett av Tor Tveite

Illustrert av Ida Larmo

Mangschou forlag

Ella og dei andre i andre klasse er sikre på at læraren deira blir pressa for pengar. Dei vil berre hjelpe han. Ella og dei andre er flinke til å få ei bittelita fjær til å bli til eit fullstappa hønehus med tusenvis av frittvandrande høner, til stor fortvilning for læraren og udelt glede for andre.

Eit døme på ei slik utvikling eller forvrenging av fakta kjem her: Pekka kviskrar til Ella at ho må seie til læraren, som sit heilt i andre enden av stolrekkja på teateret, at han må



tisse. Når dette då går innom Seppo, Hanna, Timo og Tiina før det når fram til læraren, får læraren høyre: «Pekka vant Melodi Grand Prix!»

Boka er delt inn i tre delar: Ella og utpresseren, Ella på teater og Ella på klassetur. Det eine kapittelet toppar det andre, og det vrimlar av latterbrølvekkjande utsegn frå andreklassingane og fortvilte lærarar.

Eit slikt utsegn kjem frå Pekka til bussjåføren som køyrer klassen til symjehallen: «Du ligner på den flodhesten i barne-tv», med ei kjapp oppfølging frå Seppo: «Nei, for flodhesten er ikke så feit.» Slikt synest vi det er morosamt å lese, men det er kanskje ikkje fullt så morosamt å vere læraren som har ansvar for Pekka og Seppo akkurat der og då.

Elles er jule-tablået eit høgdepunkt i boka. Alle som nokon gong skal prøve å setje opp ei framsyning i skulen, burde ha lese denne. Du kan sjølv tenkje deg det; alt som kan gå gale, går gale.

*Ella og de andre* er like mykje ei bok for vaksne som for barn. Spesielt trur eg folk som jobbar i skulen, vil kose seg med denne boka. Kanskje også nikke litt gjenkjennande og hovudristande innimellom.

*Ella og de andre* er den mest morosame boka eg har lese på lenge, og eg trur også eg kjem til å lese ho igjen. Og jammen trur eg at eg skal få tak i dei andre bøkene om Ella som kjem til Noreg frå Finland i

tida framover. Små bøker som gjer livet litt lengre.

Elin Moen Karlsen





www.pirion.no

## PIT PARION

# BREI SMAK OG SMALT UTVAL

**D**ersom ein ser på det som kjem ut av norske barneplater, kan ein lett få inntrykk av at det born liker aller best, er glatt pop med tekstar på bokmål. Men born er meir opne i musikkvegen enn det me vaksne ofte har ein tendens til å tru. Då sonen til ei eg kjenner, var tre år gammal, fekk han spørsmål om kven som var favorittartisten hans. Svaret kom snøgt: Ian Curtis. Der spørsmålsstilaren truleg hadde venta å få høyra Kaptein Sabeltann eller liknande, drog altså treåringen i staden fram vokalisten i den britiske postpunk-gruppa Joy Division, som

guten spelte (og framleis spelar) jamt og trutt på CD-spelaren sin. Som far til ei to år gamal jente ser eg òg på heimebane prov på at born har breiare musikksmak enn ein i utgangspunktet skulle tru. Toåringen min høyrer på mykje ulikt, men det ho liker aller best, er Beatles-songen «She loves you», energisk svartmetall og ei rocka nynorskutgåve av «Det sat to kattar». Den sistnemnde songen

Arild Torvund Olsen er administrasjons- og kommunikasjonskonsulent på Nynorsksenteret



© Arild Torvund Olsen

framfører ho ofte sjølv òg, i ein – lat oss kalla det frijazzversjon – på orgelet i stova medan ho gaular «Sat to kattar! Bim! Bom! Bom!»

Den innspelinga av «Det sat to kattar» som ho er så glad i, er henta frå kassetten Rocken Bom og andre frå Songboka mi, ein kassett som kom ut tidleg på åttitalet. Og eg må seia at eg saknar ei ny plate som kan koma inn og ta den posisjonen som Rocken Bom-kassetten i si tid hadde. For medan det med bøker som Song for deg og meg og Syng sjøl er relativt greitt å finna fram til notar til nynorske songar til barnehagebruk, er det eit langt dårlegare utval av innspelte barne-songar med nynorsk tekst. Songar er ein fin og morosam måte å læra språk på, og dei komande nynorskskrivande borna fortener å få oppleve den musikalske språkstimuleringa som nynorske songar kan gje dei. Ei løysing kan sjølvstøtt vera å spela vaksenplater med nynorsk tekst, sidan born trass alt liker meir enn berre barneplater. I tillegg finst det faktisk litt nynorsk barnemusikk tilgjengeleg, dersom ein veit kvar ein skal leita. Nettsongboka til Tunkatten, [www.tunkatten.no](http://www.tunkatten.no), inneheld til dømes innspelingar av mange nynorske barnesongar, og på [www.nynorsksenteret.no/born/](http://www.nynorsksenteret.no/born/) ligg det ute spelelister der du kan høyra ymse barnesongar med nynorsk tekst. Men det hadde som sagt vore kjekt dersom nokon kunne laga ei plate med nynorske barnesongar, som gjorde det sopass bra at òg dei som ikkje var spesielt interesserte, kunne finna fram til songane. Eit høveleg prosjekt for Odd Nordstoga, kan henda?



## Jul med Pirion!

På [www.pirion.no](http://www.pirion.no) finn du:

- julebøker
- julesongar
- tips om julekalender

*Gledeleg jul til store og små!*



**PiRion**

**Tips oss på [pirion@norsk-plan.no](mailto:pirion@norsk-plan.no)** Me vil gjerne ha tips og innspel om det er noko du syns me bør ta opp, eller om du har tips om bøker me bør skriva om. Sjå og [www.pirion.no](http://www.pirion.no)